

Årsmelding frå styret 2020:

Året 2020 har vore prega av coronapandemien. Vi har pga pandemien hatt færre styremøte enn vanleg, eit av møtene var på teams, og fleire av aktivitetane har vorte avlyste. Vi har allikevel hatt fokus på å oppretthalde dei aktivitetane som har vore moglege, og vi har jobba vidare med å oppgradere anlegga våre. Styret i Rogne IL har det siste året hatt 9 styremøte, og vi har delteke på møtene i Øystre Slidre idrettsråd. Medlemstalet er svakt synkande.

Anlegg:

Vi har fått på plass nytt utstyr i styrkerommet, og med ny inngang/ rullestolrampe samt rampe ved inngangen til gjestegarderoba på nedsida, er prosjekt oppgradering av garderobar og styrkerom no ferdig!

Banekomiteen med Geir Melby og Morten Myrvold i spissen, har laga granulatsperre rundt kunstgrasbanen. Det vart frå nyttår pålagt med granulatsperre, vi er difor glade for at dette er på plass. I samband med rullestolrampe til styrkerom vart det nødvendig med asfaltering. Styret vedtok difor å oppgradere store delar av asfalten rundt Solhaug. Takk til Kroon maskin og Sparebankstiftelsen for gåver til dette!

Planlegging av ny lysløype held fram. Lysløypekomiteen hadde befarings av trase i haust. Vi avventar no avklaring ang leige av grunn.

Av nye planar kan vi nemne sykkelløype og pump track ved Rogne skule. Prosjektet er delt i 2: Rogne sykkelpark som er ein pumptrack ved ballbingen, og Rogne sykkelløype som er hoppline og flytstig i skicrossstrase og skileiken. Begge prosjekta er inne i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet, og kommuna har avsett kr 30 000 til sykkelstigen og kr 100 000 til pump tracken. I haust søkte vi om spelemidlar til prosjekta. Sykkel er heilt nytt for idrettslaget. Det er noko som mange er ivrige på, fleire born frå Rogne er med på sykkeltraining andre stader i Valdres, og vi håpar dette er noko som kan gje auka aktivitet og også fleire medlemmar til idrettslaget.

Aktivitet:

Allidrett for dei yngste er eit populært tilbod! For dei litt eldre ungane har vi hatt **håndballag** i Valdresserien, mange ivrige ungar har vore med her. Dessverre vart handballsesongen brått avslutta då coronapandemien kom i mars, og vi har endå ikkje fått lov til å starte opp att med kampar. Treningane er imidlertid godt i gang. I **fotball** held samarbeidet med Øystre Slidre IL fram, og i år har vi oppdatert samarbeidsavtala med ØSIL og fotballgruppa. Vi har arrangert terrengløpet **Skiferrunda** med start og mål på Trudvang skytebane fredagar i vår – og haustsesongen. **Skigruppa** har fleire aktive løparar, og i 2020 stilte vi stafettlag i senior NM på Konnerud! Dette var fyrste gong Rogne hadde lag i NM stafett senior langrenn. Det kan vi vera stolte av, det er mange år sidan eit idrettslag frå Valdres stilte stafettlag i herreklassa i NM.

Badinga på ØSUS vart arrangert i januar og februar, men frå og med 12. mars vart det også dessverre avlyst pga coronapandemien.

Aktivitetsdag kunne vi heller ikkje arrangere pga pandemien.

Medlemskontigent:

I over 60 år har Rogne IL organisert håndball, fotball allidrett, skiaktivitet. For at born og unge fortsatt skal få det gode tilbodet idrettslaget tilbyr, er vi avhengige av frivillig mannskap, sponsorar og medlemskontigent. Alle som deltek på ein eller fleire av våre aktivitetar, må betale medlemskontigent. Kontigenten må vera betalt for at forsikringar skal vera gjeldande. Ihht Idrettsforbundet sine lover, er det berre den som har betalt kontigent som kan delta i aktivitetar for klubben. Vi håpar at vaksne og vil vera medlemmar i idrettslaget, Rogne IL treng di støtte! Mange fordelar: Medlemskontigenten gir full forsikring i all organisert aktivitet, du kan delta i

aktivitetane våre, du kan få tilgang til bruk av styrkerommet på Solhaug, og du bidreg til å halde liv i eit idrettslag som er viktig for aktivitet og samhald i bygda!

Eg vil med dette få takke alle sponsorar og støttespelarar, Link bingo, Sparebankstiftelsen Ø Slidre, alle styremedlemmar og valgkomiteen, seniorgruppa, alle trenarar og oppmenn samt alle foreldre som stiller opp på dugnadar og for at vi skal kunne ha aktivitet for medlemmane våre. Takk også til alle medlemmar, for at de vil støtte Rogne IL! Eg ynskjer dykk eit godt godt og aktivt år!

Irene Øygard, leiar